

Revidering av delegeringsreglement

Fylkesrådmannen rår hovudutvalet til å gje slik tilråding:

Hovudutvalet rår fylkesutvalet til å gjere slikt vedtak:

Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:

1. Nytt delegeringsreglement vert fastsett i samsvar med vedlegg 1.
2. Reglementet trer i kraft straks.

Prenta vedlegg:

1. Utkast til revidert delegeringsreglement

Uprenta vedlegg:

1. Lov om endringar i forvaltningslovgivningen m.v av 09.01.2009 nr 04.

Saksframstilling

1. Innleiing

Fylkestinget vedtok i sak nr 27/95 delegeringsreglement for fylkeskommunen. Reglementet vart revidert av fylkestinget i sak nr 37/98 og i sak 26/04. Reglementet omhandlar delegering av mynde frå fylkestinget til fylkesutvalet, hovudutvala og fylkesrådmannen.

Då det etter 2004 har kome ein del nye lover og det er gjort endringar i lover som gir mynde til fylkeskommunen, og då fylkeskommunen får nye oppgåver i høve forvaltningsreforma, er det no naudsynt å revidere delegeringsreglementet. Eg vil elles nytte høvet å få rette opp manglar i reglementet og omredigere det noko.

2. Generelt om delegeringsreglementet

Hovudregelen i kommunelova og særlovene er at all mynde som er lagt til fylkeskommunen den ligg hjå fylkestinget. Mynda vert ikkje lagt direkte til politiske utval eller administrasjonen. Det er såleis opp til kvar fylkeskommune å avgjere vidare delegering. Fylkestinget har høve til å delegere mynde gitt i kommunelova og særlovene med unntak for dei lovreglane der det er brukt uttrykket "fylkestinget sjølv."

Systemet i reglementet er at ein del mynde vert delegert direkte frå fylkestinget til fylkesrådmannen, medan ein del andre mynde vert delegert til fylkesutvalet og hovudutvala. Fylkesutvalet og hovudutvala vil ha høve til å vidaredelegere til fylkesrådmannen seinare.

Etter kommunelova skal all mynde til administrasjonen leggjast til fylkesrådmannen. Det er opp til han å vidaredelegere til andre i administrasjonen. I reglementet frå 2004 er difor all mynde til administrasjonen lagt til fylkesrådmannen. Fylkesrådmannen vedtok den 13.08.04 vidaredelegering av størstedelen av den delegerte mynda til fylkesdirektørane. Dei fekk mynde til å vidaredelegere ein del av mynda.

Det er eit gjennomgåande prinsipp i reglementet at myndet er lagt på lågast mogeleg nivå ut frå det som er forsvarleg. For saker som har sektorovergripande verknad eller er av prinsipiell betyding er myndet lagt til fylkesutvalet. For meir sektortypiske saker er myndet lagt til hovudutvala. For kurante enkeltsaker og saker som ikkje medfører inngrep overfor privatpersonar eller som ikkje er av prinsipiell betyding er myndet lagt til fylkesrådmannen.

3. Kommenterar til einskilde punkt i reglementet

Eg vil her kommentere foreslåtte endringar i høve gjeldande delegeringsreglement.

(referansane er til punkta i det nye delegeringsreglementet)

Punkta 3.4 og 3.24 Fråsegn i saker om vassdragsregulering

Mynda ligg i dag i fylkestinget utan omsyn til omfanget av utbygginga. Foreslår at mynda til å gi fråsegn til utbygging av kraftverk på under 10 megawatt (småkraftverk) blir lagt til fylkesutvalet. Dette er i samsvar med den praksis som har etablert seg dei siste åra.

Punkt 3.8 Veglova

Frå 1. januar 2010 vil fylkeskommunen sitt ansvar for vegnettet utvidast, men det er likevel ikkje store endringar i lovverket.

Fylkeskommunen si mynde etter § 10 (3) til å avgjere erstatningskrav etter skadeerstatningslova § 2-1 som gjeld arbeid på fylkesvegar er inntatt i delegeringsreglementet. Mynda blir foreslått delegert til fylkesrådmannen for krav under 100 000 kroner. For krav over dette er mynda lagt til fylkesutvalet. Dette vil gjelde skader som arbeidstakar volder forsettleig eller aktaust under arbeid med fylkesvegen. Der fylkeskommunen berre opptre som oppdragsgjevar vil mynda vere lagt til fylkesrådmannen som før.

Fylkeskommunen si mynde etter § 29 (4) til å fastsetje at avstanden for byggjegrænse skal vere kortare enn 50 meter på fylkesveg er framleis delegert til fylkesrådmannen, men avstanden for byggjegrænse er endra lova.

Punkt 3.11 Delingslova

Fylkeskommunen si mynde etter § 4-1 til å bekrefte eigedomsforhold med eigenerklæring ved registrering av grunn til veg og jernbaneformål er inntatt i det nye delegeringsreglementet. Elles er mynda som før.

Punkt 3.11 Jordskiftelova

I det gamle delegeringsreglementet var berre ankespørsmålet regulert i høve til jordskiftesaker, og var då inntatt i høve til ankemynda i vanlege tvistesaker. Mynda i jordskiftesaker er no komme som eit eige punkt. Mynda er lagt slik at den korresponderar med mynda i vanlege tvistesaker.

Punkt 3.13 Viltlova

Mynda etter § 21 (2) til å endre avstanden for jakt frå motorbåt og mynda etter 51 (1) til å godkjenne skotpremie er inntatt i delegeringsreglementet og foreslått lagt til fylkesrådmannen.

Punkt 3.20 Lov om laksefisk og innlandsfisk

Mynda etter § 42 til å tilsetje oppsyn er no inntatt i delegeringsreglementet og foreslått lagt til fylkesrådmannen.

Punkt 3.21 Jernbanelova

Mynda etter jernbanelova er no inntatt i delegeringsreglementet.

Fylkeskommunen si mynde etter § 7 til å fastsetje transportvilkår dersom ein gir tilskot blir foreslått delegert til fylkesutvalet.

Fylkeskommunen si mynde etter § 8g til å krevje informasjon om tilsette i verksemda som driv transporten blir foreslått delegert til hovudutvalet for samferdsle

Punkt 3.22 Opplæringslova

Fylkeskommunen si mynde etter §§ 13-3a, 13-3b, 13-3c, 13-3d, 13-10, 13-4, 4A-7 og 13-4 er inntatt i delegeringsreglementet.

Mynda etter følgjande paragrafar blir foreslått delegert til fylkesrådmannen:

Fylkeskommunen si plikt etter § 13-3 til å gi tilbod til søkjarar utan rett etter § 3-1 og 4A-3.

Fylkeskommunen si plikt etter § 13-3a til å sørge for opplæring i helseinstitusjonar

Fylkeskommunen si plikt etter § 13-3b til å sørge for ulykkesforsikring for elevane.

Fylkeskommunen si plikt etter § 13-3c til å sørge for rettleiing og kvalitetsutvikling.

Fylkeskommunen si plikt etter § 13-3d til å sørge for foreldresamarbeid.

Fylkeskommunen si mynde etter § 13-10 til å sørge for at det finst eit forsvarleg system for vurdering av om krava i opplæringslova og forskriftene til lova blir oppfylte og eit forsvarleg system for oppfylgning av resultatane frå vurderingane

Fylkeskommunen sitt ansvar etter § 13-4 og § 4A-7 for skyss, reisefølgje og tilsyn etter reglane i kapittel 7 i opplæringslova.

Fylkeskommunen sitt ansvar etter § 13-4 for å organisere skuleskyssen i samråd med kommunane.

Når det gjeld klage på karaktervurdering får fylkesrådmannen mynde til å avgjere følgjande forhold:

- klage grunnlagt med formelle feil eller andre ikkje-faglege forhold § 5-14 (5)

- klage på bedømming av kompetanseprøvar etter § 5-14 (2)

Punkt 3.26 Yrkestransportlova

Mynda til å avgjere om det skal nyttast anbod etter § 8 er flytta frå fylkesutvalet til fylkesrådmannen. Fylkesrådmannen er og gitt mynde til å utforme anbodsgrunnlag, akseptere tilbod og inngå avtalar om kjøp av tenester og å avgjere klage over tildeling av kontrakt. Grunnen til at mynda blir foreslått flytta er fylkeskommunen si dobbeltrolle som både tilbydar og eigar i selskap og dei habilitetsproblema dette kan medføre for politikarane. I tillegg er vurdering av anbod ei fagleg og teknisk vurdering.

Vidare er mynda etter § 4 til å gi løyve til persontransport mot vederlag med motorvogn inntatt i delegeringsreglementet og foreslått delegert til fylkesrådmannen. Forskrift om anbod i lokal rutetransport av 26.03.2003 nr 400 er og inntatt i delegeringsreglementet og foreslått delegert til fylkesrådmannen.

Punkt 3.27 Privatskolelova

Fylkeskommunen si mynde etter § 2-1 til å gi fråsegn før departementet gjer vedtak og mynde til å klage på vedtaket er inntatt i delegeringsreglementet og foreslått lagt til fylkesrådmannen.

Punkt 3.29 Lov om Innovasjon Norge

Fylkeskommunane vil etter forvaltningsreforma bli medeigarar i Innovasjon Norge med 49 prosentandelar og staten med 51 %. Dette inneber m.a. at fylkeskommunen skal velje direkte to medlemmar til det regionale styret. Mynda til å velje medlemmane blir foreslått lagt til fylkesutvalet.

Mynda fylkeskommunen får etter § 30 til å krevje eit nærmare bestemt emne handsama for ekstraordinært føretaksmøte og mynda etter § 31a til å foreslå saker handsama på føretaksmøte blir foreslått lagt til fylkesrådmannen.

Mynda etter § 35 til å fremme forslag om gransking av selskapet eller nærmare angitt forhold vedrørande forvaltninga av det eller selskapet sitt rekneskap blir foreslått lagt til fylkesutvalet.

Punkt 3.30 Fagskuleutdanningslova

Fylkeskommunen si mynde til å gi tilskot til tilbydarar av godkjent fagskuleutdanning blir foreslått lagt til hovudutval for opplæring.

Punkt 3.31 Lov om universiteter og høyskoler

Fylkeskommunen får ny mynde etter § 9-4 (5) til å oppnemne styremedlemmer ved statlige høgskuler. Denne mynda blir foreslått delegert til fylkesutvalet.

3.32 Lov om akvakultur av 17.06.2005 nr 79

Departementet er gitt mynde til å gi forskrifter for kva slags søknadar som skal handsamast av fylkeskommunen og om fylkeskommunen sine oppgåve knytte til registreringsordning for akvakultur. Fylkeskommunen si mynde etter disse forskriftene blir foreslått delegert til fylkesrådmannen.

Punkt 3.33 Tvistelova

Det kom ei ny tvistelov i 2005 som erstattar tvistemålslova av 1915 (punkt 3.3 i det gamle delegeringsreglementet). Mynda er som før.

Mynda i jordskiftesaker er no komme som eit eige punkt; punkt 3.12.

Punkt 3.34 Kulturlova

Lova vart vedtatt i 2007 og har derfor ikkje vore inntatt i delegeringsreglementet tidligare.

Fylkeskommunen si mynde etter § 4 til å fremje og legge til rette for variert kulturverksemd blir foreslått delegert til fylkesrådmannen.

Fylkeskommunen si mynde etter § 5 litra a til å samarbeide med stat og kommune for å syte for at kulturlivet har mest mogeleg føreseielege utviklingskår ligg i fylkestinget.

Fylkeskommunen si mynde etter § 5 litra b og c til å fremja profesjonalitet, kvalitet og deltaking i kulturtilbodet og til å syta for at personar, organisasjonar og institusjonar har tilgang til

informasjon om ordningar med økonomisk støtte og om andre verkemiddel og tiltak blir foreslått delegert til fylkesrådmannen.

3.35 Lov om forvaltning av viltlevande marine ressursar (havressurslova) av 06.06.2008 nr 37

Fylkeskommunen vil få ny mynde etter § 8a til å fatte vedtak på særskilde område innfor lova sitt verkeområde der det er fastsett i forskrift. Denne mynda blir foreslått delegert til fylkesrådmannen.

Punkt 3.36 Plan og bygningslov

I 2008 kom det ei ny plan – og bygningslov som trådde i kraft 01.07.2009. Fylkeskommunen har mynde etter plandelen i lova. Alle paragrafane er endra i høve til den gamle plan og bygningslova.

Fylkeskommunen si mynde etter § 1-9 (3) til å påklare enkeltvedtak som direkte angår fylkeskommunen sitt saksområde blir foreslått delegert til fylkesrådmannen.

Fylkeskommunen si mynde til å vedta regionale planer etter § 3-4 er lagt til fylkestinget utan høve til å delegere.

Fylkeskommunen si mynde etter § 3-6 til å setje i verk arbeid med planer der ein skal samarbeide med staten og/eller kommunane blir foreslått delegert til fylkesutvalet.

Fylkeskommunen si mynde etter § 3-7 til å helt eller delvis overta dei oppgåvene planadministrasjonen i kommunen har med å organisere planarbeidet og utarbeide planforslag blir foreslått delegert til fylkesutvalet.

Fylkeskommunen si mynde etter § 4-1 til å utarbeide planprogram blir foreslått delegert til fylkesutvalet. Fylkesrådmannen gis mynde til å gi høyringsfråsegn etter denne paragrafen.

Fylkeskommunen si mynde etter § 5-2 til å gi høyringsfråsegn blir foreslått delegert til fylkesrådmannen.

Fylkeskommunen si mynde etter § 5-3 til å opprette regional planforum blir foreslått delegert til fylkesutvalet. Mynda til å lede det regionale planforumet blir foreslått delegert til fylkesrådmannen.

Fylkeskommunen si mynde etter § 5-4 til å komme med motsegn til kommuneplanens arealdel blir foreslått delegert til fylkesrådmannen så langt motsegna byggjer på planfagleg grunnlag, kulturminnefaglig grunnlag og retningslinjer og bestemmingar etter gjeldande fylkesdelplan/regionalplan. Mynda blir elles foreslått delegert til fylkesutvalet.

Fylkeskommunen si mynde etter § 5-4 til å kome med motsegn til områderegulering blir foreslått delegert til fylkesrådmannen. Motsegna skal likevel kome frå fylkesutvalet når den har grunnlag i forhold som er nemnde i delegeringsreglementet si omtale av § 12-10.

Fylkeskommunen si mynde etter §§ 5-4 og 12-10 til å gje fråsegn og kome med motsegn til detaljregulering blir foreslått delegert til fylkesrådmannen. Motsegna skal likevel kome frå

fylkesutvalet når den har grunnlag i forhold som er nemnde i delegeringsreglementet si omtale av §12-10.

Fylkeskommunen si mynde etter § 6-2 til å gi høyringsfråsegn blir foreslått delegert til fylkesutvalet.

Fylkeskommunen si mynde etter § 7-1 til å utarbeide ein regional planstrategi blir foreslått delegert til fylkesutvalet.

Fylkeskommunen si mynde etter § 7-2 til å vedta den regionale planstrategien er lagt til fylkestinget.

Fylkeskommunen si mynde etter § 8-1 til å utarbeide regionale planer ut i frå planstrategien blir foreslått lagt til fylkesutvalet.

Fylkeskommunen si mynde etter § 8-5 til å fastsetje regional planbestemming blir foreslått delegert til fylkesutvalet. Dette gjeld også samtykke til å setje i verk tiltak som omfattast av regional planbestemming.

Fylkeskommunen si mynde etter § 9-4 til å oppmode kommunane til å overføre planarbeidet til regional plan er lagt til fylkesutvalet.

Fylkeskommunen si mynde etter § 9-5 til å opptre som meklar dersom kommunane er ueinige blir foreslått lagt til fylkesutvalet.

Fylkeskommunen si mynde etter § 9-7 til å gi fråsegn om plansamarbeid før departementet pålegg dette blir foreslått delegert til fylkesutvalet.

Fylkeskommunen si mynde etter § 10-1 til å gi fråsegn til kommunal planstrategi blir foreslått delegert til fylkesutvalet.

Fylkeskommunen si mynde etter § 11-1 til å gi fråsegn til kommuneplan blir foreslått delegert til fylkesutvalet når det gjeld samfunnsdelen. Fylkesrådmannen gis mynde til å gi fråsegn til arealdelen

Fylkeskommunen si mynde etter § 11-4 til å gi fråsegn til kommuneplanens handlingsdel blir foreslått delegert til fylkesutvalet.

Fylkeskommunen si mynde etter § 12-10 til å gi fråsegn til reguleringsplan (områderegulering og detaljregulering) blir foreslått delegert til fylkesrådmannen.

Fylkesutvalet skal likevel som hovudregel gi fråsegn i følgjande saker:

- Saker som er i strid med fylkeskommunen sine eigarinteresser når det gjeld eigedommar
- Saker som vedrører kulturminne som blir vurdert til å ha regionale eller nasjonale verdiar
- Saker som vedrører regionale interesser

Fylkeskommunen si mynde etter § 12-14 til å gi fråsegn til endring eller oppheving av kommunal reguleringsplan blir foreslått delegert til fylkesrådmannen.

Fylkeskommunen si mynde etter § 14-4 til å varsle om negative miljøverknadar blir foreslått delegert til fylkesrådmannen.

Punkt 3.37 Naturmangfaldlova

Lova vart vedtatt i 2009. Mynda til å avklare spørsmålet om samtidig oppstart av kommunalt og regionalt planarbeid blir foreslått lagt til fylkesrådmannen, mens mynda til å gi høyringsfråsegn til verneforskrift blir foreslått lagt til fylkesutvalet.

Sosialtenestelova – blir tatt ut i det nye delegeringsreglementet

Punkt 3.19 i det gamle delegeringsreglementet, går ut. Fylkeskommunen har ikkje lenger mynde etter § 9-2 til å foreslå medlemmar til Fylkesnemnda for sosiale saker. Det er oppretta ei ny Fylkesnemnd for barnevern og sosiale saker der fylkeskommunen ikkje har mynde til å foreslå medlemmar.

Punkt 4.3 Husleigeforhold

Fylkesrådmannen har i dag mynde til å inngå leigeavtalar. Det blir presisert at fylkesrådmannen også kan seie opp leigeavtalene.

Punkt 4.8 Pengekrav

I samband med utanomrettsleg handsaming av krav på erstatning eller anna betalingsoppfylling, har fylkesrådmannen i dag mynde til å forplikte fylkeskommunen for ein sum avgrensa oppover til kr 100 000,-. Det blir foreslått å auke summen til 250 000 kroner slik at den korresponderar med fylkesrådmannen si mynde til å inngå forlik i tvistesaker.

Fylkesrådmannen har mynde til i enkeltsaker å ettergi/avskrive fylkeskommunale pengekrav på inntil kr 100 000,- når det er på det reine at kravet ikkje kan drivast inn. Det blir foreslått å auke summen til 250 000 kroner slik at den korresponderar med fylkesrådmannen si mynde til å inngå forlik i tvistesaker.

Punkt 4.9 Tilskotsmidlar i kultursektoren

Fylkesrådmannen er i dag delegert mynde til å fordele eller gi tilråding om fordeling av spelemidlar til idrettsanlegg, friluftsanlegg, helsesportanlegg og ombygging av handikapprikte anlegg, når det gjeld tilskot på inn til kr 50 000. Det blir foreslått å auke summen til 100 000 kroner.

Eg tilrår at delegeringsreglementet trer i kraft straks fylkestinget har vedteke reglementet.